



Møteprotokoll

Råd: Dale sokneråd

Dato og tid: 22.01.2025, 19:30

Stad: Luster prestegard

Saksmappe: DS2025-5

Til stades: Jan Henry Tverberg (Leiar), Kjell Olav Høstaker Nordheim (Prest), Kari Ann Sunnarvik (Medlem), Sigurd Mathias Ugulsvik-Aasen (Medlem)

Forfall: Arve Henning Bringe (Nestleiar), Arve Lomheim (Medlem), Thomas Vigdal (Medlem)

Protokollfører: Øygunn Elin Saur

Arve Henning Bringe meldte frå om forfall. Arve Lomheim, Thomas Vigdal og Atle Ødegård møtte ikkje til møte (ikkje gitt beskjed).

Ref: Jan Henry

Sakslista

Faste Saker

001/25 Godkjenning

Møtesaker

002/25 Konfirmantfest 30.03.25

003/25 Spørsmål frå Gaupne sr om samarbeid mellom sokna når det gjeld konfirmantane.

004/25 Årsmelding 2024

005/25 Rekneskapen 2024

006/25 Årsmøte

007/25 Fond

008/25 Gulvteppe - gang

Orienteringssaker

00001 Ymse

Kari Ann Sunnarvik
Medlem

Jan Henry Tverberg
Leiar

001/25 Godkjenning

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	22.01.2025	001/25

Forslag til vedtak

Innkalling til møte no og referat frå førre møte vart godkjent. To til å skrive under:

- 1.
- 2.

Vedtak

Innkalling til møte no og referat frå førre møte vart godkjent med merknad lagt fram i møte: innkallinga med saker til møte må komma før. To til å skrive under:

1. Kari Ann
2. Jan-Henry

002/25 Konfirmantfest 30.03.25

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	22.01.2025	002/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

4 til stades.
Samrøystes vedteken.

Vedtak

Festkomite med 2 stk fra kvart sokn. Fra Dale: Arve Henning og Kari Ann. Planleggingsmøte er satt til den 25.02.2025 kl 19.30 i prestgarden, Luster

003/25 Spørsmål frå Gaupne sr om samarbeid mellom sokna når det gjeld konfirmantane.

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	22.01.2025	003/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

4 til stades.

Samrøystes vedteken.

Vedtak

Felles gudstjeneste med presentasjon av konfirmantane er innført og vil bli vidareført. Samtalegudstjeneste med påfølgande konfirmantfest og konfirmasjonsgudstjeneste vidare førast som i dag.

004/25 Årsmelding 2024

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	22.01.2025	004/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

4 til stades.
Samrøystes vedteken.

Vedtak

Leiar lagar årsmelding og sender ut digitalt til soknerådet som gir tilbakemelding om den er ok eller komma med merknader.

005/25 Rekneskapen 2024

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	22.01.2025	005/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

4 til stades.
Samrøystes vedteken.

Vedtak

Kasserar tok ein gjennomgang av økonomien. La og fram ein del utfordringar med rekneskapet. La fram forslag til revisorar. Hege Eide og Gunn Kristine Alme valgt som revisora for 2024 rekneskapet.

006/25 Årsmøte

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	22.01.2025	006/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

4 til stades.
Samrøystes vedteken.

Vedtak

Årsmøte i Dale sokn blir etter gudstjenesta den 16.03.2025 kl 16.00

Kyrkjekaffi.

007/25 Fond

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	22.01.2025	007/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

4 til stades.
Samrøystes vedteken.

Vedtak

Prosten kallar inn leiarane til møte om fonda. Me tenkjer også at Geir Paulsen bør vera med på møte sidan han best kjenner til fonda!!

008/25 Gulvteppe - gang

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Øygunn Elin Saur	22.01.2025	008/25

Forslag til vedtak

Saka lagt fram utan tilråding.

Møtebehandling

4 til stades.
Samrøystes vedteken.

Vedtak

Teppe som går fra inngangsdøra og fram til alteret er utslitt og stygt.

Soknerådet ber om at fellesrådet ved kyrkjeverja begynner arbeidet med prosessen om å få skifta ut teppe som er der i dag med eit nytt teppe av god kvalitet. Dersom det er mulig å velja mellom fleire farga ber vi om at det kjem tilbake til soknerådet så vi kan få velgja den fargen vi ønsker.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	22.01.2025	00001

00001 Ymse

Informasjon

Det vart snakka om dåpsdue av tre med namn på.

Lysglobe, skal vi gå til innkjøp

Skal open kyrkje om sommaren fortsette må vi få inn meir inntekt, blir å ta opp på årsmøte og høyre kva folk i bygda meiner.

Kollekt rundt alteret, sak neste møte.

Nytt høgtalaranlegg er vist godkjent og vil bli montert snart.